

# **Samla plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane**

Utgreiing som grunnlag for Sogn og Fjordane fylkeskommune sine kostnader knytt til rehabilitering av tunnelar 2015 – 2020 (2025) med utgangspunkt i tunnellsikkerheitsforskrifta



Region vest  
Vegavdeling Sogn og Fjordane  
Plan- og forvaltningsseksjonen  
August 2015  
Sveis 2014/049988

## Forord

Sogn og Fjordane fylkeskommune er forvaltningsmyndighet med ansvar for at sikkerheten i tunnelane på fylkesvegane er ivaretaken. Fylkeskommunen har ansvar for å treffe dei nødvendige tiltaka for å sikre tunnelane i samsvar med innholdet i tunnellsikkerheitsforskrifta.

Denne planen er ei utgreiing for tunnelane på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane. Planen inneholder kostnadsoverslag knytt til ulike ambisjonsnivå for rehabilitering av tunnelane.

Renovering av tunnelar for å oppfylla krava til tunnellsikkerheitsforskrifta, skal utførast etter ein tidsplan og skal vera fullført innan 1. januar 2020 jf. tunnellsikkerheitsforskrifta.

Fylkeskommunar med stor tunnelmasse kan etter søknad til Vegdirektoratet få forlenga fristen til 1. januar 2025.

Planen er laga etter oppdrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Planen føresler kva tunnelar som bør prioriterast først, samt ambisjonsnivå for utbetring i forhold til tunnellsikkerheitsforskrifta for fylkesveg, elektroforskrift, behov for strukturelle tiltak med meir.

Ei intern samarbeidsgruppe i Statens vegvesen har bidrøge i arbeidet med denne planen.

Foto på framsida: fv. 53 ved Steigjetunnelen i Årdal kommune. Foto Statens vegvesen

# Innhold

Innleiring .....	5
A    Minimumstiltak for at det skal vere forsvareleg å halde tunnelane opne: .....	5
B    Tiltak som må gjennomførast for å stette krava i tunnelsikkerheitsforskrifta: .....	5
C-    Tiltak som må gjennomførast for å stette krava i tunnelsikkerheitsforskrifta + faglege tilrådingar for alle tunnelar >500 meter og ÅDT >300 .....	6
C    Tiltak som må gjennomførast for å stette krava i tunnelsikkerheitsforskrifta + faglege tilrådingar for alle tunnelar >500 meter uansett ÅDT.....	6
D-    Full utbetring av alle tunnellar, inkludert nødnett og DAB-radio i tunnelar > 1000m uansett ÅDT .....	7
D    Full utbetring av alle tunnellar, inkludert nødnett og DAB-radio i tunnelar > 500m uansett ÅDT .....	7
E    Full utbetring av alle tunnellar, inkludert nødnett og DAB-radio i kun prioriterte tunnelar > 500m.....	7
Bakgrunn for saka.....	7
Brannar i tunnel.....	8
Farlig gods (ADR).....	8
Sjølvredningsprinsippet.....	9
Gang- og sykkeltrafikk i tunnel .....	9
Utfordringar med trafikkavvikling i anleggsperioden: .....	10
HMS i anleggsperioden: .....	10
Økonomi: .....	10
Funksjonsklassar: .....	10
Tunnelklassar: .....	11
Utdrag av Tunnelsikkerheitsforskriften for fylkesveg med merknader frå Statens vegvesen: 12	12
§ 1.Formål .....	12
§ 2.Virkeområde.....	12
§ 4.Forvaltningsmyndighet.....	12
§ 8.Sikkerhetstiltak.....	12
§ 11.Unntak for nyskapende teknikk .....	13
§ 12.Tunneler som allerede er i bruk.....	13
Fluktveger og nødutgang .....	14
Havrilommer.....	14
Avløp .....	15
Belysning.....	15

Ventilasjon .....	18
Nødstasjoner .....	19
Utstyr til stenging av tunnelen.....	19
Kommunikasjonssystemer.....	20
Strømforsyning og strømkretser.....	22
Transport av farleg gods .....	22
Særskilte Brannobjekt .....	23
Tidlegare beregningar av kostnader for å fjerne forfallet – kartlegging 2013 .....	26
Ny kartlegging for å beregne kostnader for å fjerne forfallet – kartlegging 2015.....	26

## Innleiing

Det har over tid vorte mykje forfall på tunnelane på fylkesvegnettet samanlikna med anbefalt standard for drift og vedlikehald. Sogn og Fjordane fylkeskommune har bede Statens vegvesen om ein samla plan for rehabilitering av tunnelane på fylkesvegnettet.

Statens vegvesen har utarbeida kostnadsoverslag knytt til sju ulike nivå for rehabiliteringane. Alle dei 142 tunnelane på fylkesvegnettet er lagt til grunn i arbeidet. Planen omfattar både forfall grunna utilstrekkeleg vedlikehald og nødvendige oppgraderingar for tunnelane på fylkesvegnettet. Planen syner kostnader og tilår prioritering og framdriftsplan.

Det vert ikkje vist kostnader med å rette opp manglande generell vegstandard knytt til tunnelane (Døme: Tunnelane på fv. 50 Aurland-Hol vil ha same utfordringar med kurvatur, stigning, vegbreidde, høgde m.m. som tidlegare).

Nivå:	Antall tunnelar	Total lengde tunnelløp (km)	Kostnadsramme (mill. 2015-kr)
A Minimumstiltak for at det skal vere forsvarleg å halde tunnelane opne	2	0,9	150
B Tiltak som må gjennomførast for å stette krava i tunnellsikkerheitsforskrifta	30	38,5	440
C- Tiltak som må gjennomførast for å stette krava i tunnellsikkerheitsforskrifta + faglege tilrådingar for tunnelar som er omfatta av forskrifta	32	41	1527
C Tiltak som må gjennomførast for å stette krava i tunnellsikkerheitsforskrifta + faglege tilrådingar for alle tunnelar >500 meter	48	58,8	2067
D- Full utbetring av alle tunnelar som er omfatta av tunnellsikkerheitsforskrifta (som i C-), samt nautnett og DAB-radio i tunnelar >1000 meter.	41	54	1669
D Full utbetring av alle tunnelar (som i C), samt naudnett og DAB-radio i tunnelar >500 meter.	51	61,6	2269
E Full utbetring av alle tunnelar, inkludert naudnett og DAB-radio i nokre tunnelar >500m	48	58,8	2138

Vi gjer oppmerksam på at desse tala er basert på erfaringstal for liknande type tunnelarbeider. Då mange tunnelar skal rehabiliterast innafor ein 10-årsperiode, kan dette ha innverknad på prisane i markedet. Ved bruk av Anslagsmetoden (på overordna nivå) kan me gå ut frå at uvissa på desse tala er +/-40%. Uvissa er ikkje lagt inn i denne tabellen.

Forklaring til tabellen:

### **A Minimumstiltak for at det skal vere forsvarleg å halde tunnelane opne:**

Vegvesenet meiner at to tunnalar, Blakset1- og Blakset2 tunnelen fv. 613, treng utbetrast for at det skal vere forsvarleg å halde desse opne for trafikk. Tunnelane er generelt i dårlig stand og det er fare for nedfall av stein frå taket i tunnelane. I praksis er det truleg ein betre løysing å bygge ny tunnel med total lengd 900 m for om lag kr.150 mill inkl. mva. som avløyser desse to tunnelane.

### **B Tiltak som må gjennomførast for å stette krava i tunnellsikkerheitsforskrifta:**

I dette ambisjonsnivået er tunnellsikkerheitsforskrifta for fylkesveg lagt til grunn som eit minimum for å sikra lågaste tillate sikkerheitsnivå for trafikantar i tunnelar.

I Sogn og Fjordane er det totalt 59 tunnelar på fylkesvegnettet med lengde over 500 meter. 17 av desse tunnelane har  $\text{ÅDT} < 300$  og vert i utgangspunktet ikkje omfatta av tunnellsikkerheitsforskrifta. Det vil sei at 42 tunnelar på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane vert omfatta av forskrifta. Sikkerheitstiltaka som er tilrådd utført i tunnelane er basert på ein vurdering av infrastrukturen, bruken, trafikantane og køyretøya.

Parameter som er lagt til grunn for vurderingane:

- tunnellengde,
- antall løp,
- antall køyrefelt,
- tverrsnittsgeometri,
- vertikal og horisontal profil,
- konstruksjonstype,
- einvegs- eller tovegstrafikk,
- trafikkvolum per løp (herunder fordeling i tid),
- risiko for trafikkork (per døgn eller sesongbestemt),
- utrykningstid for redningstenestene,
- prosentandel av tunge lastebiler,
- særtrekk ved atkomstvegane,
- køyrefeltbreidde,
- hastigheitsaspekter,
- geografisk og meteorologisk miljø

Nødneattvallen mellom Statens vegvesen og Direktoratet for nødkommunikasjon (DNK) datert februar 2008 dekkar inn minumumskravet ang. kommunikasjon i tunnelane.

## **C– Tiltak som må gjennomførast for å stette krava i tunnellsikkerheitsforskrifta + faglege tilrådingar for alle tunnelar >500 meter og $\text{ÅDT} > 300$**

I dette nivået er tunnellsikkerheitsforskrifta lagt til grunn som på nivå B. I tillegg er det lagt til faglege tilrådingar angåande andre viktige sikkerheitsfunksjonar som til dømes ventilasjonssystem i tunnelar lenger enn 1000m og som har  $\text{ÅDT}$  meir enn 1000.

Funksjonsklassane er vedtekne i fylkestinget. Funksjonsklassane seier ikkje noke om høgde i tunnelar, men vegvesenet tilrår at tunnelar i funksjonsklassane B og C har høgde minst 4,2m og at tunnelar i funksjonsklasse D og E har høgde minst 4,0m.

Det er difor lagt inn kostnader med å auke høgda i tunnelane (ved strossing) i dei tunnelane som ikkje oppfyller desse anbefalingane. Dette gjeld også for 30 tunnelar med lengde kortare enn 500 meter. Elles vil desse tunnelane verte ståande att som flaskehalsar på vegnettet. Kostnadane knytt til strossing for å oppnå minimumshøgd og tilhøyrande fresing/legging av nytt dekke i desse tunnelane (tot. 5,4 km) er kostnadsrekna til 40 mill inkl. mva.

## **C Tiltak som må gjennomførast for å stette krava i tunnellsikkerheitsforskrifta + faglege tilrådingar for alle tunnelar >500 meter uansett $\text{ÅDT}$**

Alle tunnelar med lengde over 500 meter er tekne inn i dette ambisjonsnivået sjølv om ÅDT er mindre enn 300.

#### **D- Full utbetring av alle tunnellar, inkludert nødnett og DAB-radio i tunnelar > 1000m uansett ÅDT**

På dette nivået er C lagt til grunn, samt kostnader ned å etablere nødnett og DAB-radio i alle tunnelar som er lengre enn 1000 meter uavhengig av ÅDT.

#### **D Full utbetring av alle tunnellar, inkludert nødnett og DAB-radio i tunnelar > 500m uansett ÅDT**

På dette nivået er C lagt til grunn, samt kostnader ned å etablere nødnett og DAB-radio i alle tunnelar som er lengre enn 500 meter uavhengig av ÅDT.

#### **E Full utbetring av alle tunnellar, inkludert nødnett og DAB-radio i kun prioriterte tunnelar > 500m.**

På dette nivået er C lagt til grunn + kostnader med å etablere nødnett og DAB-radio i dei 8 tunnelane som er prioriterte i nødetatane og Fylkesmannen Sogn og Fjordane sin felles prioritering av nødnett datert 10.06.2013. I tillegg viser dette ambisjonsnivået kostnader med å etablere nødnett og DAB-radio i dei 9 opsjonstunnelane jf. nødnettavtalen mellom Statens vegvesen og DNK. I praksis kan fylkeskommunen bestille nødnett etter 2006-prisar i desse opsjonstunnelane.

### **Bakgrunn for saka**

Sogn og Fjordane fylkeskommune er forvaltningsmyndighet med ansvar for at sikkerheten i tunnelane på fylkesveg er ivaretaken. Fylkeskommunen har i tillegg ansvar for å treffe dei nødvendige tiltaka for å sikre tunnelane i samsvar med innholdet i tunnellsikkerheitsforskrifta.

Statens vegvesen sine normalar er gitt med heimel i forskrifter etter vegloven §13 om anlegg av veg. Handbok N500 Vegtunneler gir ikkje krav til eksisterande vegtunneler og har ikkje tilbakeverkande kraft. Men handboka skal brukast som retningslinje for dei sikkerheitsfunksjonane som skal oppgraderast. Det vil sei at dersom ein skal inn med eit nytt ventilasjonssystem, skal dette vere i samsvar med N500 Vegtunneler. Handboka skal med andre ord leggast til grunn ved oppgradering av utstyr i eksisterande tunneler på fylkesvegnettet.

I 2014 bad Sogn og Fjordane fylkeskommune om ein samla plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet.

Planen foreslår kva tunnelar som bør prioriterast først, samt ambisjonsnivå for utbetring i forhold til tunnellsikkerheitsforskrifta for fylkesveg, elektroforskrift, behov for strukturelle tiltak med meir. Det er teke utgangspunkt i nivået for rehabilitering og oppgradering som var lagt til grunn i forfallskartlegginga frå 2013, og planen synleggjer kor mykje billegare/dyrare det vil bli om vi aukar eller reduserer ambisjonsnivået. Planen syner kostnader (inkludert mva og byggherrerekostnad, samt uvisse og prisstigning) og tilaråd prioritering og framdriftsplan ut frå tunnellsikkerheitsforskrifta som eit minimum. Fylkeskommunen har tilgang på alle prisar

på dei ulike ambisjonsnivåa om dei ynskjer å sette av midlar til ein høgare standard på tunnelrehabiliteringane enn minimumskrava gjennom forskrifta.

Regionvegkontoret er tunnelforvaltar for fylkesvegane for fylkeskommunen. Regionvegsjefen er på nokre områder tillagt myndighet direkte i tunnelsikkerheitsforskrifta. I arbeidet med samla plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane er tekniske løysingar avklara med Snorre Olufsen (som sikkerheitskontrollør i Statens vegvesen) jf. §§ 8 og 10 i tunnelsikkerheitsforskrifta.

Det vert gjennomført tunnelrevisjon av tunnelar som er omfatta av tunnelsikkerheitsforskrifta kvart 5. år. Desse tunnelrevisjonane er lagt til grunn for denne planen. Tunnelar som ikkje vert omfatta av forskrifta er ikkje reviderte med same intervall. Det er difor ein viss usikkerheit knytt til kostnadsoverslaga i denne rapporten. Kostnadane er estimert på bakgrunn av vurderingar og erfaringstal av folk som kjenner tunnelane godt (dei praktiske tunnelforvaltarane David Håndlykken og Sveinung Hovland), basert på den beste tilgjengelege informasjonen om tunnelen sin tilstand.

Det er laga kostnadsoverslag for ulike ambisjonsnivå. Ved bruk av Anslagsmetoden (på overordna nivå) kan me gå ut frå at uvissa på desse tala er +/-40%. Anslagsmetoden er Statens vegvesen sin metodikk for å lage kostnadsoverslag ut frå Handbok R764.

## Sikkerheit i tunnelar:

Generelt skjer det færre ulykker i tunnel enn på veg i dagen, men ulykkene sin alvorligetsgrad er høgare i tunnel. Ulykkesrisikoen er størst like utanfor tunnelen og i inngangssona, dvs. 50 meter utafor tunnelen og dei første 150 meter inne i tunnelen. Ved ein eventuell brann i eit køyretøy i tunnel er det særleg viktig at sikkerheitsfunksjonane fungerer.

## Brannar i tunnel

Den 5. august 2013 brann det i eit tomt vogntog i Gudvangatunnelen (11.428m) på E16. SINTEF NBL (Norges Branntekniske Laboratorium) har estimert branneffekten til ca. 25-45 MW (MegaWatt.) 67 personer måtte evakuere frå tunnelen. 23 vart alvorleg skadd og fem personar vart meget alvorleg skadd i hendinga.

Den 15. juli 2015 tok ein hengar som var lasta med 16.500 liter bensin fyr i den undersjøiske tunnelen Skatestraumtunnelen (1.902m) på fv. 616. Det vart store materielle skadar på tunnelen. Ingen personar vart alvorleg skada i hendinga. Brannen i Skatestraumtunnelen utgjorde ein betydeleg større branneffekt enn brannen i Gudvangatunnelen 2013.

Den 10. august 2015 brann det i ein buss i Gudvangatunnlen på E16. 37 personar måtte evakuere frå tunnelen. Fire vart skadd.

Ved brann i eit fullasta vogntog kan branneffekten ligge på over 2-300 MW. På generelt grunnlag kan me gå ut frå at eit brannvesen kan slokke brann og begrense dei materielle skadane etter brannar opp til 50 MW med dagens utstyr. Brannvesena kan ikkje slokke dei største tunnelbrannane.

## Farlig gods (ADR)

Transport av farleg gods (ADR) på veg vert regulert av forskrifta om landtransport av farleg gods. DSB (Direktoratet for Samfunnssikkerhet og beredskap) har ansvaret for forskrifta. I

Norge er nokre tunnelar risikovurdert så høgt at ein har tidsavgrensa tidene der ein kan køyre farleg gods (ADR) gjennom dei. Ellingsøy- og Valderøytunnelen er to undersjøiske tunnelar på fv. 658 i Møre og Romsdal som har forbod/restriksjonar mot å køyre ADR-transport i tidsromma kl.07.00-09.00 og kl.14.00-18.00. Ingen tunnelar på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane har slike forbod/restriksjonar.

Ferjene er underlagt restriksjonar av transport av køyretøy med farleg gods gjennom forskrift om farleg gods på norske skip. Sjøfartsdirektoratet har ansvar for denne forskrifta.

## Sjølvredningsprinsippet

Prinsippet for evakuering i tunneler er i dag basert på sjølvredningsprinsippet. Det vil sei at trafikantane skal ta seg til sikker oppholdsstad enten til fots eller ved hjelp av eige køyretøy. For at dette skal fungere må tunnelutforminga og tunnelutrustingen vere utført slik at det er praktisk mogleg å utføre sjølvredning. Tunnellengde og stigning har og stor betydning for mogleghetane til å redde seg sjølv. Sikkerheitsfunksjonar som ventilasjon, lys og kommunikasjonssystem er viktige om sjølvbergingsprisnippet skal fungere. Eksterne redningsmannskap kan berre i spesielle høve komme til unnsætning raskt nok ved ei hending inne i ein tunnel.

## Gang- og sykkeltrafikk i tunnel

Ingen av vegnormalane stiller krav til korleis det skal leggast til rette for gang- og sykkeltrafikk i eksisterande tunnelar. Forskrifta etter veglova § 13 seier at «*ved planlegging og utbygging av vegnettet skal det fastlegges hvordan gang- og sykkeltrafikken skal avvikles*». Det betyr at dei myke trafikantane som ikkje har alternative ruter (som gang- og sykkelveg eller lokalt vegnett) må kunne bruke vegen og tunnelane på vegnettet.

Grunnlagsdokumentet for Nasjonal transportplan 2014-2023 *Nasjonal sykkelstrategi* føresler nasjonale mål og innsatsområder for å fremje sykkel som transportform og kvardagsaktivitet. Mykje av sykkeltrafikken føregår på fylkesvegar. Fylkeskommunen har gjennom forvaltningsreformen fått ansvar for ein større del av det offentlege vegnettet og eit lovfesta ansvar for folkehelsearbeidet. Statens vegvesen har ansvar for at veg- og transportsektoren vert utvikla i samsvar med nasjonale, transportpolitiske mål.

Det finst lite erfaringsmateriale eller analysar som omhandlar risikoene for syklande og gåande i tunnel. Det er viktig at denne vurderingen vert teken med i risikoanalysen som skal utarbeidast for kvar tunnel. Tunnellengd, stoppsikt, luftkvalitet, belysning, ÅDT, stigning m.m. er særtrekk som bør vurderast i høve til gang- og sykkeltrafikk. Eldre tunnelar som er kortare enn 4 km er ikkje skilta med forbod for gang- og sykkeltrafikk.

Sjølv om tunnelen formelt er open for gåande og syklande, er det i praksis ikkje lagt til rette for slik trafikk. Nødfortau gjer at det er uråd å sykle på vegskulder og gjer at syklisten må sykla i vegbana i dei fleste tunnelane. Støyen frå trafikken forplantar seg i tunnelen og vi får eit samanhengande støybilete som gjer det vanskeleg for syklistar å vite kor nærmeste trafikken faktisk er. I tillegg er det svært begrensa «fluktmoglegheit» om ei uønska hending skulle skje. Slike moment kan vere med på at syklistar kan føle at det er utrygt å sykle i tunnelar. Vi oppfattar det som lite attraktivt å sykle gjennom tunnelar. I utgangspunktet bør gåande og syklande nytte alternativ rute utover tunnel der dette er praktisk mogleg.

Håndbok V122 Sykkelhåndboka (som ein veiledning) anbefalar at belysning og ventilasjon er i samsvar med gjeldande krav i Handbok N500 Vegtunneler (som er ein normal) i

eksisterande tunnelar som er opne for gåande og syklande. Det er kun fire tunnelar på fylkesvegnettet som pr. i dag er stengt for gåande og syklande: Høyangertunnelen fv. 55, Agjeldtunnelen fv. 60, Nishammartunnelen fv.57 og Bortnetunnelen fv. 616.

Den beste løysinga ville vere å legge til rette for gang- og sykkeltrafikk utanfor tunnelen, men det er berre mogleg i nokre av tilfella. Utfordringar knytt til gang- og sykkeltrafikk i tunnalar er meir omtala seinare i dokumentet.

## **Utfordringar med trafikkavvikling i anleggsperioden:**

### **Trafikkavvikling:**

Langvarig arbeid med rehabilitering av tunnelar på ein vegstrekning vil føre med seg vegstengingar og dette kan føre til utfordringar for trafikantar og næringslivet i området. For eksempel vil opparbeiding av avløpssystem eller utbetring av eksisterande avløpssystem legge beslag på store deler av vegbana i tunnelen, noko som fører til utfordringar med trafikkavviklinga i anleggsfasen. Mange tunnelar er i utgangspunktet smale. Det er i tillegg begrensa moglegheit for alternative lokale omkjøringsvegar i Sogn og Fjordane. Dette gjer det vanskeleg å avvikle trafikken forbi arbeidsstaden utan forseinking og ulempe for trafikantane. Det er viktig at trafikkreguleringar vert planlagt nøyaktig i samband med arbeid i tunnel for å sikra tryggleiken til arbeidarar og trafikantar, avvikle trafikken forbi arbeidsområdet med minst mogleg forseinking og ulempe for trafikantane samt mogleggjere effektiv og økonomisk drift av anlegget.

### **HMS i anleggsperioden:**

Ved opparbeiding av nytt avløpssystem er det farar knytt til boring på udetonert sprengstoff som ligg att etter at tunnelen vart bygd. Kostnadane ved trafikkavvikling og ulempene for trafikantane må vurderast saman med utfordringane med HMS for dei som arbeidar i tunnelen.

### **Økonomi:**

Om ein ynskjer høg kvalitet på tunnelen, er det kostnadseffektivt å utføre rehabiliteringa i eitt byggetrinn. Ei stegvise utbygging vil verte dyrare. Kostnader knytt til trafikkavvikling er ofte store.

Om ein har mykje teknisk infrastruktur i tunnelen, vil dette føre med seg høgare kostnader knytt til drifts-, vedlikehalds- og rehabiliteringskostnader inkludert energibruk. Tal knytt til drifts- og vedlikehaldstiltak av tunnelen/sikkerheitsfunksjonane kjem ikkje fram i kostnadsoversлага i denne planen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune som tunneleigar, har eit langsiktig vedlikehaldsansvar. Det er difor økonomisk gunstig at val av løysningar og teknisk utstyr blir gjort på bakgrunn av levetidsbetraktingar der og drifts- og vedlikehaldskostnader er vurdert. Dersom rehabilitering ikkje kan gjennomførast, vil det vere behov for ekstramidlar på driftsbudsjettet for å unngå at det vert innført restriksjonar eller stenging av tunnelar for trafikk.

## **Funksjonsklassar:**

Fylkestinget vedtok Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014 - 23 i desember 2013. Med utgangspunkt i transportplanen er fylkesvegnettet inndelt i funksjonsklassar som vil bli lagt til grunn for framtidige investeringar og drifts- og vedlikehaldstiltak. Funksjonsklassane seier noko om funksjonen og kor viktig vegstrekningen er. Hovudutval for samferdsle vedtok

den 2. juni 2015 funksjonsinndelinga for fylkesvegnettet. Desse funksjonsklassane er lagt til grunn for prioritering og framdriftsplan for rehabilitering av tunnelane.

Funksjonsklasse A – nasjonale hovedvegar

Riksvegane i Sogn og Fjordane; E16, E39, rv. 5, rv. 13, rv. 15, rv. 52, rv. 55.

Funksjonsklasse B - regionale hovedvegar

Vegar med regional funksjon, overordna/regional betyding, relativt mykje trafikk og viktige vegar for næringslivet.

Funksjonsklasse C - lokale hovedvegar

Vegar med viktig lokal, men også ein viss regional, funksjon der hovedfunksjonen er viktige sambandsvegar mellom funksjonsklasse A og B og samband til kommunenesentra.

Funksjonsklasse D – lokale samlevegar

Vegar som bind saman bygder og grender eller gir hovudtilkomst til bygd eller grensd.

Funksjonsklasse E - lokale tilkomstveger

Vegane har primært lokale funksjonar. Fungerer som samlevegar og er dominert av tilkomst til bustader og verksemder langs vegane. I denne funksjonsklassen er det nokre fylkesvegar med svært låg trafikk og avgrensa funksjon.

Funksjonsklassane seier ikkje noko om minste høgde i tunnelar men vegvesenet tilrår at tunnelar i funksjonsklassane B og C har høgde minst 4,2m og at tunnelar i funksjonsklasse D og E har høgde minst 4,0m. Ingen vegar på fylkesvegnettet har funksjonsklasse A.

Generelt er låge og smale tunnelar ein blempe for næringslivet i området. Til dømes har Bjordaltunnelen fv. 92 lengde 1552m, høgde 4,0m og breidde 3,30m. To lastebilar klarar ikkje å passere inne i denne tunnelen. Her er det heller ikkje aktuelle omkjøringsvegar.

Tunnelen ligg i funksjonsklasse D. ÅDT i tunnelen er 200, noko som gjer at denne tunnelen i utgangspunktet ikkje vert omfatta av tunnelsikkerheitsforskrifta.

Ved spesialtransport kan høgda på tunnelane vera ein begrensning. Dette vert ofte løyst ved at tunnelen vert midlertidig stengt og at spesialtransporten kører sentrisk med følgebil. Alternativt må ein køyre aktuelle omkjøringsvegar om dette finst.

## Tunnelklassar:

Krav til tunnelstandard aukar med auka trafikkmengde og tunnellengde. Tunnelane er difor delt inn i tunnelklasser som er bestemmande for geometri og utrustning. Det er større krav i tunnelkasse B enn tunnelklasse A.

EU sitt direktiv om minstekrav til sikkerheit i tunnelar i det transeuropeiske vegnettet er teke inn i det norske regelverket gjennom tunnelsikkerheitsforskrifta for fylkesveg m.m av 01.01.2015. Vi vel å vise til deler av denne forskriften for å lettare synleggjere kostnadsoversлага knytt til dei ulike ambisjonsnivåa.

## **Utdrag av Tunnelsikkerheitsforskriften for fylkesveg med merknader frå Statens vegvesen:**

### **§ 1. Formål**

*Formålet med forskriften er å sikre laveste tillatte sikkerhetsnivå for trafikanter i tunneler ved krav til å forebygge kritiske hendelser som kan sette menneskeliv, miljøet og tunnelanlegg i fare og til å sørge for vern i tilfelle av ulykker.*

### **§ 2. Virkeområde**

*Forskriften gjelder for tunneler som er i bruk, under bygging eller på prosjekteringsstadiet på fylkesveg og kommunal veg i Oslo, med lengde på over 500 meter og med gjennomsnittlig årsdøgntrafikk på 300 kjøretøy eller mer. Når særlige grunner foreligger kan Vegdirektoratet eller den direktoratet delegerer myndighet til, bestemme at enkelte tunneler med gjennomsnittlig årsdøgntrafikk under 300 kjøretøy, skal omfattes av forskriften.*

### **§ 4. Forvaltningsmyndighet.**

*Fylkeskommunen, i Oslo kommunen, er så langt annet ikke er bestemt, forvaltningsmyndighet med ansvar og koordinerende oppgaver for å påse at alle sider ved sikkerheten i tunnel på fylkesveg og i Oslo kommunal veg er ivaretatt, og å treffe de nødvendige tiltak for å sikre samsvar med innholdet i denne forskriften.*

*Vegdirektoratet, eller den direktoratet delegerer myndighet til, skal gi tillatelse til at ny eller rehabiliteret tunnel på fylkesveg og i Oslo kommunal veg, kan tas i bruk i samsvar med framgangsmåten fastsatt i vedlegg II til forskriften. Før tillatelse gis skal det innhentes uttalelse fra brannvernmyndigheten.*

*Vegdirektoratet, eller den direktoratet delegerer myndighet til, kan innstille eller begrense bruken av en tunnel på fylkesveg og i Oslo kommunal veg, herunder spesifisere under hvilke forhold normal trafikk kan gjenopptas, dersom sikkerhetskravene ikke er oppfylt.»*

Kommentar frå Statens vegvesen, Region vest:

I forkant av at ein tunnel vert opna etter rehabilitering skal det innhentast uttale fra brannvernmyndigheten. Vegdirektoratet kan også stenge eller begrense bruken av tunnelen – om ikkje sikkerhetskrava er oppfylt.

### **§ 8. Sikkerhetstiltak**

*Tunneler som omfattes av forskriften skal oppfylle minstekravene til sikkerhet fastsatt i vedlegg I og II til forskriften.*

*Dersom enkelte av de konstruksjons- eller utrustningsmessige kravene som er fastsatt i vedlegg I bare kan oppfylles ved tekniske løsninger som enten ikke kan gjennomføres eller bare kan gjennomføres til en uforholdsmessig høy kostnad, kan Vegdirektoratet eller den direktoratet delegerer myndighet til, godkjenne at det treffes alternative risikoreduserende tiltak som vil føre til likeverdig eller forbedret sikkerhet.*

Virkningene av slike alternative tiltak skal påvises ved en risikoanalyse i samsvar med bestemmelsene i § 10.

*Vegdirektoratet eller den direktoratet delegerer myndighet til, kan gjøre unntak fra krav om nødutgang for tunneler kortere enn 10 km og med årsdøgntrafikk under 4 000 kjøretøy per kjørefelt dersom en risikoanalyse viser at tilsvarende eller bedre sikkerhet kan oppnås med alternative tiltak.*

Kommentar frå Statens vegvesen, Region vest:

Vegdirektoratet kan evt. godkjenne alternative risikoreduserande tiltak som vil føre til likeverdig eller betre sikkerheit. Dette gjeld t.d. tunnelar som er definert som særskilde brannobjekt, tunnelar med spesielle særtrekk osv. (Særskilte brannobjekt – sjå oversikt s. 23 og 24.)

Tunnelsikkerheitsforskrifta legg opp til at det kan gjerast alternative risikoreduserande tiltak som fører til likeverdig eller betre sikkerheit gjennom ein risikoanalyse. Denne risikoanalysen skal utførast av eit organ som er funksjonsmessig uavhengig av tunnellforvaltarane.

Det er for omfattande å bestille risikoanalysar på kvar enkelt tunnel gjennom eit organ som er funksjonsmessig uavhengig av tunnellforvalter slik det er beskrive i § 10. I arbeidet med å synleggjere kostnader på 59 tunnelar på 7 ulike ambisjonsnivå, har Statens vegvesen valt å gjere vurderingar i lag med tunnellforvaltarane og tunnelsikkerheitskontrolløren.

## **§ 11.Unntak for nyskapende teknikk**

*For å gjøre det mulig å montere og bruke nyskapende sikkerhetsutstyr eller å bruke nyskapende sikkerhetsprosedyrer kan Vegdirektoratet eller den som direktoratet delegerer myndighet til, gjøre unntak fra kravene i forskriften. Unntak forutsetter at fylkeskommunen eller Oslo kommune ved risikoanalyse etter § 10, dokumenterer at forskriftens krav til sikkerhetsnivå er oppfylt.*

Kommentar frå Statens vegvesen, Region vest:

Vegdirektoratet kan evt. gjere unntak frå krava i forskrifta.

## **§ 12.Tunneler som allerede er i bruk.**

*For tunneler som ikke oppfyller kravene i forskrift skal fylkeskommunen og i Oslo kommunen utarbeide plan for tilpasningen til forskriften, jf. § 2 annet ledd.*

*Dersom utbedringstiltakene omfatter vesentlige endringer i konstruksjon, utrustning eller bruk, skal framgangsmåten for godkjenning etter i § 4 andre og tredje ledd, § 8 og § 11 følges.*

*Renovering av tunneler for å oppfylle kravene til sikkerhetsnivå, skal utføres etter en tidsplan og skal være fullført innen 1. januar 2020. Fylkeskommuner med stor tunnelmasse kan etter søknad til Vegdirektoratet gis forlenget frist med inntil fem år.*

Kommentar frå Statens vegvesen, Region vest:

Alle tunnelane på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane som vert omfatta av tunnelsikkerheitsforskrifta må vera oppgraderte seinast innan 2025.

Vedlegg I. Sikkerheitstiltak nevnt i § 8:

## **Tunnelgeometri**

*2.2.1 Ved utforming av en tunnels tverrsnittsgeometri og horisontale og vertikale profil, samt atkomstvegene, skal det tas spesielt hensyn til sikkerheten, da disse parameterne har en betydelig innvirkning på sannsynligheten for ulykker og for hvor alvorlige de blir.*

Kommentar frå Statens vegvesen, Region vest:

Det er ingen høgdekrav til tunnel i forskriftena. Vi har vurdert høgde på 4,0m og 4,2m opp mot vedtekne funksjonsklassar.

Vi tilrår følgjande minste høgde i tunnelar i dei ulike funksjonsklassane:

B: 4,20m

C: 4,20m

D: 4,00m

E: 4,00m

Vi har ikkje lagt opp til å rette opp manglande generell vegstandard som kurvatur, stigning, vegbreidde

## **Fluktveger og nødutgang**

*2.3.1. I nye tunneler uten havarifelt skal det finnes nødfortau, enten oppbygd eller ikke, til bruk for trafikantene i tunnelen i tilfelle av havari eller ulykke. Denne bestemmelsen får ikke anvendelse dersom særtrekk ved tunnelens konstruksjon ikke muliggjør det eller muliggjør det bare til en uforholdsmessig høy kostnad og tunnelen har enveistrafikk og er utstyrt med et fast overvåkingssystem og system for stenging av kjørefelt.*

*2.3.2. I eksisterende tunneler der det verken finnes havarifelt eller nødfortau, skal det treffes ekstra og/eller forsterkede tiltak for å ivareta sikkerheten.»*

Kommentar frå Statens vegvesen, Region vest:

Vegdirektoratet kan fravike kravet til nødfortau.



Nødfortau Bortnetunnelen fv. 616

## **Havarilommer**

*2.5.2. I eksisterende toveis-tunneler som er lengre enn 1 500 meter og der trafikkvolumet er større enn 2 000 kjøretøyer (ÅDT) per kjørefelt, men som ikke har havarifelt, skal det vurderes om bygging av havarilommer er en gjennomførbar og virkningsfull løsning.*

Kommentar frå Statens vegvesen, Region vest:

Ingen tunnelar i Sogn og Fjordane har ÅDT>4 000. Det er difor ikkje krav til havarilommer. I tunnelar der vi uansett treng tekniske bygg bør vi vurdera å bygga havarilommer knytt til desse bygga.



Havarilomme Gullringtunnelen fv. 55

## Avløp

2.6.1. Dersom det er tillatt med transport av farlig gods, skal det finnes avløp for brannfarlige og giftige væsker, gjennom godt utformede sluk eller andre tiltak innenfor tunnelens tverrprofil. I tillegg skal avløpssystemet være konstruert og skal vedlikeholdes for å hindre at brann og brannfarlige og giftige væsker sprer seg inne i løp og mellom løp.

